



Bjørn Harald Korsfur
Hestegjerdet 10
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3190 - 17/36416

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
03.01.2018

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 108/362 Lindås

Tiltak: Søknad om løyve i eitt trinn
Byggjestad: Gbnr: 108/362 Hestegjerdet 10
Tiltakshavar: Eli Korsfur
Ansvarleg søkjar: Mette Kyed Thorson

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad den 26.10.2017.

Det er søkt om oppføring av to terrengmurar i skråning mellom inngangsparti for bustaden og ned mot vegen. Mur 1 er 25 m lang, ca. 0,7m høg i gjennomsnitt. Mur 2 er 24,5 m lang og ca. 0,7 m høg i gjennomsnitt og maksimum 1,3 m på sitt høgaste punkt, sjå terrengsnitt, datert 06.10.2017.

Det er søkt om dispensasjon frå pbl. §29-4. Vi forstår søknaden slik at det er søkt om dispensasjon frå byggjegrænse i reguleringsplan Kolås III, jf. § 6. Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen om maks grense på 80cm for oppføring av mur, jf. reguleringsplan Kolås III, jf. § 10.

Planstatus

Eigedomen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kolås III. Del av gnr 107 bnr. 108 med arealplan – ID 1263-08101976 er definert som bustadføre mål.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Stadfesting på nabovarsel frå Leif Slettvoold er for utydeleg til å kunne lese. Vi ber om å få tilsendt kvittering på nabovarsel på nytt eller ein kort stadfesting på mail om at nabovarsel er mottatt/samtykke til tiltaket.
2. Det manglar målsatt avstand frå mur 1 og mur 2 til midten av veg. Det manglar målsatt avstand frå mur 1 til mur 2 til byggjegrænse. Vedlagte situasjonskart med stipla byggjegrænse kan nyttast.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **samla innan 24.01.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av <plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1/forvaltningslova § 11a.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart med byggjegrænse - gbnr 108_362

Kopi til:

| | | | |
|----------------------|-----------------|------|--------|
| Bjørn Harald Korsfur | Hestegjerdet 10 | 5955 | LINDÅS |
| Eli Korsfur | Hestegjerdet 10 | 5955 | LINDÅS |
| Mette Kyed Thorson | Kvalen 16 | 5955 | LINDÅS |

Mottakarar:

| | | | |
|----------------------|-----------------|------|--------|
| Bjørn Harald Korsfur | Hestegjerdet 10 | 5955 | LINDÅS |
| Eli Korsfur | Hestegjerdet 10 | 5955 | LINDÅS |
| Mette Kyed Thorson | Kvalen 16 | 5955 | LINDÅS |